

Referat frå FAU 07.09.2020

Desse møtte: Gro Tarraldsen, Magne Andre Sollid, Roy Åge Homme, Aud Skaardal, Astrid Hoksrud Pedersen, Anne Aarak, Anne Marie Lauvdal, Linda Felle, Åshild Reime, Kim Jørgen Berntsen, Andrea Fjalestad, Katrin Houthuizen, Kristina Kihle-Vik, Kjellfrid Hombrom og Bente Meyer

Desse møtte ikkje: Magne Haugsjå, Rune Lauvdal, Arnar Vågen og Inge Saga

Før vi starta med sakene for møtet presentera den nye rektor, Marius Vøllestad seg og alle foreldrekontaktane.

Saker:

01/20-21: - Konstituering av FAU, val av leiar, nestleiar og referent.

- Før vi valde nytt styre i FAU informera Signe Marie(avtroppande leiar) litt om kva FAU er og kva for arbeid ein kan forvente seg i FAU.
- Leiar av FAU for året 2020/2021 vart Magne Andre Sollid
- Nestleiar: Anne Aarak
- Referent: Bente Rønningen Meyer
- Vara: Roy Åge Homme og Katrin Houthuizen

02/20-21: - Evaluering av Corona-situasjonen i vår og status for situasjonen framover

- Tilbakemelidingane frå foreldra var at dei fleste var veldig fornøgde med korleis det hadde gått. Det var litt ulike erfaringar med korleis det digitale opplegget virka, men her var det mest skilnad med tanke på alderstrinn og klasser. Småskulen (1.-4.) har ikkje same digitale plattform som dei andre, her blei det bruka Showbie, mens resten av skulen bruka Teams.
- Digital undervisning er veldig krevande for både lærerane og foreldra. Nokon kom med tilbakemeldingar på at elevane følte det var mykje «lekseprega» arbeid. Andre kom med tilbakemeldingar på at elevane synes det var deilig å jobbe heime med ro rundt seg.
- Framover jobbar Marius med at alle klassene skal kome med på Teams og at det skal vere meir så kalla nettundervisning viss vi kjem i ein liknande situasjon. Noko regjeringa seier at det skal mykje til for at skulane blir stengt ned igjen. Han jobbar også med eit opplegg for dei som må vere heime nå i påvente av svar på Covid-19 test og bli symptomfrie ved negativ test.

03/20-21: - Orientering om skulen sitt arbeid for elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø og opplæringslova §9a

- Rektor vil jobbe mykje med det psykososiale miljøet på skulen. Alle barn har rett og fortener eit godt miljø å vere i. På skulen er det null toleranse for mobbing. Vi foreldre har her ei viktig rolle og skulen ønsker eit tettare samarbeid med oss etter jul for å jobbe mot mobbing.

- Skulen jobbar nå med egne tiltak for at det psykososiale miljøet på skulen skal bli betre. Det kjem inn ei ny resurs på 50 % som skal jobbe med dette. Signe Marie skal ha den stillinga. Det vil kome meir informasjon frå skulen om dette ved seinare høve.
- Det skal vere låg terskel for å seie ifrå til skulen viss de som foreldre høyrer noko eller ser noko. Vi har alle meldeplikt og ansvar for å gjere noko.

04 /20-21:- Brukarundersøking denne hausten

- Det vil denne hausten bli gjennomført brukarundersøking, men her kjem skulen tilbake med meir informasjon om kven som skal deltake ol.

05/20-21:- «Ungdata junior»

- Skulen kjem tilbake med meit informasjon om dette

06/20-21:- Felles digital plattform: *Teams*

- Det har vore jobba med ein ny struktur på Teams nå før skulestart slik at det er same struktur for alle fag og klasser. Dette har vore og er utfordrande både for lærarar, elevar og foreldre. Rektor seier at dette året skal brukast for å få det innunder huden og frå og med neste år skal også 1-4. kl. vere med, men på ein tilpassa måte.
- Det laga ein video som ligg på Youtube som forklarar litt, Søk på Tveit skule – Nissedal ungdomsskule. Her ligg det også ein video om smittevern.
- Er det ein mulighet at ein kan legge ein link til desse videoane på heimsida?

07/20-21:- Møteplan for skuleåret 2020/2021

- FAU skal ha møte 9.11.2020, 11.1.2021 og 15.3.2021

08/20-21:- Gjennomgang av årshjulet

- Dette blir gjort på neste møte

09/20-21:- Leikeplassen på småskulen

- Før skulen starta i haust hadde mange foreldre dugnadsdagar på skulen for å gjere det fint til skulen starta opp. Planen var å få på plass eit klatrestativ, men grunna mangel på økonomiske ressursar er dette satt litt på vent. Det blir nå søkt om midlar i ulike fond og det er også spør iblant dei lokale bedriftene her i Nissedal.

- Tilbakemeldingane frå foreldra er at det er bra at det blir søkt om midlar, men dei etterspør også kva for rolle har kommunen her. Er det ikkje dei som skal halde skuleplass/leikeplass for barna og ikkje foreldra?
- Må vi i FAU lage eit skriv til kommunen om at vi synes at dei må vere med å bidra både økonomisk og med arbeidskraft for at barna skal få eit bra miljø å vere i?

10/20-21:- Innmeldte saker frå foreldre

- Her kom det fram at nokre foreldre ønsker veldig at skulen skal starte opp med spansk som framandspråk i tillegg til tysk. Dette ønsker vi i FAU at rektor jobbar vidare med.
- Kantina er open to dagar, men kvifor ikkje meir? Dette var begrunna i tilgang på bemanning.
- Kvifor kan ikkje barna få mat på SFO når kantina er open. Her var det ikkje noko anna svar enn at rektor hadde fått beskjed frå kommunelegen at slik var det nå.
- Noko foreldre synes at det var litt rart at ungdomskulen gjekk to veker utan heimearbeid, dei ønskte at dei kunne kome i gang med ein gong.

Neste møte: 9. november kl. 18.00-20.00

Referent: Bente Rønningen Meyer